

Kyrkjerådet  
Postboks 799 Sentrum  
0106 Oslo

*Jørpeland 31.05.2017*

## **Høyringsuttale - forslag til nye reglar for val av sokneråd, bispedømmeråd og Kyrkjemøtet – frå Strand kyrkjeleg fellestråd**

Det er ei omfattande høyring fellestrådet blir invitert til å ta stilling til, og det er krevjande å setja seg inn i eit så innfløkt og komplisert sakskompleks som valordningar er. Sjølv høyringsnotatet er på 96 sider, kortversjonen er på 18 sider og forslaga til reglar er på 34 sider. Som ein generell høyringskommentar – til både denne og andre høyringar i kyrkjerådet sin regi – vil me be om at ein i framtida tilstrebar eit meir pedagogisk og tilgjengeleg høyringsframlegg som ein lettare kan ta stilling til. Det er ein stor hemske for dagens kyrkjedemokrati at kyrkjerådet ikkje er i stand til å presentera eit høyringsframlegg på ein slik måte at fleire blir reelt sett i stand til å uttala seg. Me er også urolege for at det ser ut til at det er sokneråd og fellestråd som ikkje har blitt invitert til å bli med i høyringa, noko som i så fall må rettast opp umiddelbart og som må bli ordna opp i til neste høyringsrunde. Kyrkjerådet må vurdere å utsetja høyringsfristen, dersom det viser seg at mange instansar ikkje har fått ein reell sjanse til å bli med i høyringa.

### **Overordna om høyringa**

Det er i dag to sett med reglar; 1) reglar for val av sokneråd på den eine sida, og 2) reglar for val av bispedømmeråd og Kyrkjemøtet på den andre sida. Dei ulike regelsetta heng tett saman og må sjåast i samanheng, og dei har fleire koplingar seg imellom. Kyrkjerådet føreslår å slå desse to regelsetta saman til eitt sett reglar, og dette er noko me støttar.

Kyrkjerådet føreslår at kyrkjevalreglane som eit utgangspunkt blir lagt så tett opp til vallovas bestemmelsar om val til kommunestyre, fylkesting og Stortinget som muleg. Bakgrunnen for dette er eit ønske om å ivareta veljarane ved at den kyrkjelege valordninga blir gjennomført på ein måte som er mest muleg kjent frå alminnelege val.

### **2.1 Direkteval eller kombinasjonsval.**

Me ser det slik at dagens ordning med kun direkteval ikkje gir formelle linjer mellom dei ulike sokneråda og bispedømmeråd/kyrkjemøte. Dette er ein organisatorisk svakhet.

Me er av den oppfatning at ein gjennomgåande representasjon vil vera med på å styrka legitimiteten til og samanhengen mellom dei ulike valde råd og organ.


Ideelt sett bør ein derfor ha et kombinasjonsval, der tre leke medlemmer blir valt i direkte val og fire leke medlemmer blir valde av og blant dei innvalde medlemmene i sokneråda. Desse bør fremjast av ein eigen nominasjonskomité, etter at valet av sokneråd er gjennomført.

Me meiner derfor at det må innførast eit kombinasjonsval, og at dette ikkje blir valfritt og regionalt tilpassa.

### **2.2 Fleirtals – og forholdstalsval**

Her ønskjer me at pkt. 2 skal gjelda. Alle lister må stillast likt og ha same fristar.

Om det blir forskjellige fristar som pkt 3 gir høve til, så er det er fare for at nye lister kjem opp som ein protest mot dei listene som alt føreligg - fordi ein er misnøgd med listene/ kandidatane.



Me støttar at det kan opnast opp for suppleringsnominasjon. Men då må dette gjelde alle lister, ikkje bare nominasjonskomiteens liste.

## **2.3 Tilskot**

Alle skal ha same mulegheit for informasjon. Men ein må ikkje skapa forventningar om store stønadsbeløp. Stønaden må væreavgrensa til ei listestøtte med eit maksimalt beløp på kr. 75.000 pr liste pr. bispedømme.

### **2.4.1. Personlege stemmer og strykningar**

Me er av den meining at demokratiet fungerer best og valet er mest muleg reelt om det blir opna opp for til stryking på listene. Derfor må dette være en reell mulegheit.

### **2.4.2 Sperregrense**

Me ønskjer ingen sperregrense for personlege stemmetal i personvalet (jfr. pkt . 3)

### **2.4.3 Stemmetillegg**

Me ønskjer at det bør innførast ei ordning med stemmetillegg ved val av sokneråd, men ikkje ved val av bispedømmeråd/kyrkjemøte.

### **2.5.2 Stemmegiving**

Me støttar ikkje det framlagte forslaget om mulegheit for val i andre sokn.

Me meiner at det på valdagen ikkje skal vera høve til å stemma i andre sokn enn der ein bur.

## **3.2.2 Manntal**

Me støttar ikkje ein ny skjeringsdato for medlemsregisteret på 1. september. Me ønskjer å behalda dei same reglane som dei offentlege vala opererer med, nemleg 30. juni i valåret.

## **4.2.4. Stemmesedlar**

(4.2.4.1) Ved ein sentral trykkeprosess av stemmesedlar får ein forholdsvis store kostnader i trykking og distribusjon, og ein har heller ingen garanti for at ein har nok stemmesedlar - eller at det blir alt for mange som då må makulerast. Vår tilråding ut frå eit praktisk og miljømessig synspunkt er at kvart fellestråd trykkjer opp det talet stemmesedlar som ein har behov for.

## **4.4 Førehandsstemmar**

Det bør presiserast at det må være anledning til å avgi stemme på (minimum) eitt kyrkjekontor i kvar kommune.

## **7.2 Økonomiske og administrative konsekvensar**

Valet er stort og eit prosjekt som krev mange ressursar lokalt. Ein bør derfor i større grad avgrensa den økonomiske ressursbruken både sentralt og på bispedømmenivå, slik at dei enkelte valstadene – sokneråda – får den naudsynte økonomien til å gjennomføra vala på ein god og respektabel måte.

Når ein ser på den økonomiske ressursbruken ved valet i 2015, er me kritiske til at bare kr 29 mill. er brukte lokalt av ein samla sum på kr 81,5 mill.

For Strand kyrkjeleg fellestråd,

Trond Hjorteland  
kyrkjeverje